



Kultur i skulen



Eva Bull Holte: Snefjell

Ein plan for kulturdimensjonen i grunnskulen i Seljord kommune

Siste rullering i formannskapet 25.8.2011.

Innleiing:

Grunnskulen er ein av dei viktigaste kulturformidlarane for barn og ungdom.

Utdanning og opplæring er i seg sjølv viktige kulturfaktorar og ein føresetnad for kulturell deltaking og utfalding.

Eit fruktbart samarbeid mellom skulen og det lokale kulturlivet bør vere ein sjølv sagt ting.

Dessutan bør barn og ungdom ha eit kulturtilbod på lik line med vaksne, og ikkje minst bør det vere eit stort rom for kulturell eigenaktivitet. Her har blant andre skulen ei viktig oppgåve.

Som ein konsekvens av satsinga og fokuseringa på dei estetiske faga og kulturdimensjonen i skulen over heile landet, ynskjer me ein kommunedelplan som kan vere med på å sikre kultur både som aktivitet og oppleving i grunnskulen i Seljord som kan vere ein ”ressursbank” og eit ”styringsverktøy” for at komande skuleelevar skal få eit minst like godt tilbod når det gjeld kulturaktivitet og kulturoppleving som noverande og tidlegare elevar. Den lokale kulturplanen skal mellom anna støtte seg til sentrale styringsdokument som :

Stortingsmelding 38, (2002-2003) Den kulturelle skulesekken

Stortingsmelding 39, (2002-2003) Ei blot til lyst

Stortingsmelding 48, (2002-2003) Kulturpolitikk fram mot 2014

Stortingsmelding 8, (2007-2008) Kulturell skulesekk for framtida

I tillegg oppmodar statlege og fylkeskommunale kultur- og skulestyremakter om at samarbeid mellom organisasjonar, etatar og sektorar i kvar einskild kommune vert dokumenterte i ein plan som syner at intensjonane i Den kulturelle skulesekken er forankra lokalt. Den kulturelle skulesekken er ei nasjonal satsing på kultur til barn og unge som skal sikre at elevane får oppleve møte med profesjonell kunst- og kulturformidling.

Seljord kommune er også med i Kulturskatten som er Telemark fylkeskommune sin turneorganisasjon og skulane får gjennom det ta del i eit profesjonelt turnétilbod innan ulike kunst- og kulturformer.

Plan for kulturdimensjonen for grunnskulen i Seljord blir revidert og rullert kvart år. Det er såleis erfaringar med tiltak skuleåret 2010/11 som dannar grunnlag for planen 2011/2012.

1. Mål.

1.1. Mål i kommuneplan.

Seljord kommune skal vere eit samfunn i vekst og utvikling, som er bevisst kvalitetane sine og brukar dei for å styrkje lokalsamfunnet slik at kommunen blir ein endå betre stad å bu, arbeide og besøke.

1.2. Mål for skulane.

Sikre og styrkje kulturdimensjonen i grunnskulen i Seljord ved å motivere og stimulere til kulturell eigenaktivitet og oppleving.

2. Kulturaktivitetar med vekt på skuleåret 2011/2012.

2.1. Fellestiltak for alle skulane.

- Det blir gjennomført forfattarbesøk for elevane i samarbeid med folkeboksamlinga.
- Kulturskulen og kulturkoordinator samarbeider kvart år om å arrangere Ungdommens Kulturmønstring i Granvin Kulturhus. Skulane er viktige i arbeidet med å motivere barn og ungdom til å bli med på mønstringa. Kulturkoordinator for Seljord kommune er med på skulane for å motivere elevar til deltaking.
- Kulturskulen har eit nært samarbeid med grunnskulen når det gjeld ulike arrangement.
- Kommuneadministrasjonen gjev med ujamne mellomrom tilskot til konsertar og framsyningar for grunnskulen. Søknader om tilskot blir sendt kulturkoordinator.
- Kulturkontoret er kommunekontakt for Telemarksgalleriet.
- Kommunen yter økonomiske tilskot til Seljord Kunstforeining m. a. gjennom faste tilskot. Alle skulane besøker sommarutstillinga i august. Kunstforeininga har òg ulike tilbod retta direkte mot barn og ungdom, aleine og i samarbeid med m. a. biblioteket og kulturkontoret.
- Skuleklasser og barn under 16 år har gratis tilgjenge til Eva Bull Holtes Museum. Alle 7. klassingar er til museet ein gong i året.

- Medlemsskap i Kulturskatten sikrar faste profesjonelle kulturopplegg ved skulane.
- Kulturkontoret samarbeider med Møtestad Seljord/ turistinformasjonen og Seljord Kunstforeining om å lage undervisningsmateriell og turistinformasjonsbrosjyre over skulpturar og monument i Seljord kommune.
- Ulike arrangement og prosjekt i samarbeid mellom skulane og kulturskulen.
- Konsertar i kulturskulen.
- Samarbeid med det lokale spelemannslaget om prosjektet ”Spel og dans i skulen”, eit prosjekt med folkedans og folkemusikk som tema på barneskulane.
- Felles skitur for 6. og 7. klasse frå Seljord barneskule, samt 5. til 7. klasse frå Åmotsdal og Flatdal skule, mellom Skinnarbu og Skuldalen.
- Det er etablert ordning med kulturkontaktar på kvar enkelt skule og kommunal kulturkoordinator knytt til Kulturskatten.
- Det blir gjennomført årleg møte mellom kulturkontaktane ved skulane, kommunal kulturkoordinator og kulturkoordinator. Kulturkontaktane reiser til Kulturtorget i Bø kvart år.

2.2 Tiltak Åmotsdal skule:

- Sommarutstilling i Seljord
- Sneie - alle 7.kl. i Seljord på omvisning i Eva Bull Holte museet og kulturhistorisk vandring i Skori- og Selstadgrendi.
1-6kl. i Åmotsdal på omvisning og aktivitetsdag på Sneie.
- Deltaking på Kulturskatten sine framsyningar.
- Arbeid med temaet Halvor Sandsdalen og delta på framsyning 28.9.
- Titteskåpa” i kommunen: Planlegge turar og tradisjonsstoff til segner og musikk. Spesielt fokus i år Skuldalen og skåpa i Flatdal: Ljose- Signe, Glima og Tårån i Tråppin.
- Fjelltur med overnatting for elevane i 4-7. klasse som lærer om natur og segner i området.
- Uteskule 3t. kvar fredag: Bli kjent med og lærer om nærmiljøet, namn og busetting frå eldre dagar, og dyre- og planteliv.
- Fysisk opplegg før skuletid , symjing kvar veke frå 1.okt- 1.april , aktive friminutt.

- Lesing - bokkasser ein gong per måned
 - Lesestimuleringiltak på skulen
 - Lesing for barnehagen med 3 og 4kl.
 - Overnatting/lesevake for alle elevar.
 - Forfattarbesøk Lars Mæle med tema ”Bok blir film”.
 - Figurteater arr. Biblioteket for 1+ 2kl.
 - Bokprat med Janne Karin Støylen (nynorske barnebøkar)
- Innsamlings aksjon (kvart andre år) i samarbeid med foreldre til ein veldig formål .
- Matematikkdag med praktiske øvingar.
- Utplassering av 5+6+7kl. elevar ein dag, entreprenørskap på arbeidsplassar i Åmotsdal.
- Jolevandring til kyrkja for 1,2 og 3kl.
 - Elevane deltek på ljosomesse.
 - Luciabesøk på Steinmoen.
 - Elevane deltek med program på joletreffest.
 - Felles avslutning til jol med barnehagen.
- Skitur for alle elevar i 6. og 7 kl. frå Seljord og Flatdal med kulturhistoriske innslag frå Skinnarbu til Skuldalen.
 - Skidag i lokalmiljøet.
 - Akekveld for alle 7.kl. i kommunen i Bergebakken i Åmotsdal
- 17.mai: Elevane deltek med program.
- Temaveke på våren i fylgje rullering med fokus på handverk - og mattradisjonar. Rullering kvart 3-4 år. I år er tema ”rosemåling”.
- Oslotur for 6. og 7.klasse kvart 2. år. Gjennomført våren 2011.
 - Skuletur/ekskursjon for alle elevane til det nye museet på Eidsborg og til Grimdalen.
 - Skulen har stort sett ei 6 eller 7 årleg rullering på besøk til Kongsberg, Rjukan, Rauland, Eidsborg(Dalen), Åmdalsverk, Skien, Notodden.

2.3 Tiltak Flatdal skule:

- Besøk av Kulturskatten. Alle
- Hausttur – fottur i lokalområdet (rulleringplan).
- Samarbeide med lokale kunstnarar ein gong i løpet av skuletida. Aktuelle kunstnarar kan vere Grøstad (måling/skulptur), Barstad (skulptur), Dommen (skulptur), Kvaale Rue (teikning) og Standhart (glaskunst).
- Samarbeid med biblioteket.
- Skulegudstjeneste før jol.
- Skidag på Sollijordet i samarbeid med Flatdal IL.
- Jole- og våravslutning med elevinnslag.
- SOS-kveld der vi har kulturelle innslag og lagar cd til inntekt for SOS-barnebyar.
- Aktivitetsdag som ein del av den siste veka før sommarferien.
- Turar til dei åtte "titteskapa" i kommunen.
- Eigen musikal/oppsetting kvart 3. -4. år
- *Dei neste tre oppsettingane: 2015 – 2018 – 2022.*
- Evt. sjå andre sine oppsettingar (Åmotsdal og Seljord).
- Turar langs gamle vegar og stiar: "Krossvegen", 1.-4.klasse
"Gamleveg"/"Åsebrekkun" og "Hagabrekkåsen".
- Uteskule i samband med natur- og dyreliv.
- *Kvart 4. år.* Gruvetur til Blika gruver der vi tek for oss historikk, men òg fauna, og jobbar med kunstnariske uttrykk, som måling (slik mange kunstnarar gjer kvar sommar på denne staden, i samband med målarkurs på Nutheim).
- *Dei neste gjennomføringane: Vår 2014 og 2018.*
- *28.september:* Sandsdalenframsyning.
- Jolevandring.
- *Veke 38:* Figurteater arrangert av biblioteket. 1.-2.klasse
- Arbeid med dei lokale segna "Tårån i tråppin" og "Korleis Flatdal blei til". Dette gjer vi til eit tverrfagleg tema, gjerne i samband med 2.klasse
uteskulen.

- ”Korps i skulen”. 3. klasse
- Lesevake. 4.-5.klasse
- Danseprosjekt- folkedans. 4.-6.klasse
- Besøke sommarutstillinga til Seljord kunstforeining. 5.-7.klasse
- *Slutten av oktober*: Bokprat med Janne Karin Støylen (nynorske bøker).
- *Prosjekt kvart 3. år*: Bygda vår, med vekt på næringsvegar. Her skal elevane besøke ulike næringer, intervju og lage PowerPoint-presentasjon. *Neste gjennomføring: Haust 2011.*
- *Kvart 3. år*: Sykkeltur til Gullnes. *Dei neste gjennomføringane: 2014 og 2017.*
- Arrangere elevkveld og delta på elevkveldar på dei andre skulane i kommunen. 7.klasse
- *November*: Forfattarbesøk av Lars Mæle med tema: ”Bok blir til film”.

2.4 Tiltak Seljord barneskule:

- Kulturskatten
- Årlege arrangement der elevane har program av ymse slag.
 - Joletreffest.
 - Vårfest i samband med temaveke om Ibsen.
- Utstilling av barnekunst om Ibsen på Granvin til 17.mai.
- Samarbeidsprosjekt med kulturskulen og Seljord skulemusikk.
- Elevkveldar 2 gonger i året, der elevane sjølve har program.
- Leseveker 2 gonger i året der elevane blir delte i grupper på årstrinn og på tvers av årstrinn.
- Morgonsamlingar 1.- 4. kl . Trinna har ansvar kvar månad.
- Elevane frå 1.- 4. kl har samlingsstund på Nesbukti kvar månad.
- Songsamling for alle elevane 3 – 5 gonger kvart år.
- Elevar er med på Morgedalsleikane.
- 7. årstrinn får sjå ”Skieventyret” og ”Olav Bjålandsmuseet”.
- Skulegudsteneste kvart år der elevane på 2. og 6. årstrinn medverkar.
- Samarbeidsprosjekt med Kulturskulen og korps for 4. årstrinn.
- Samarbeid med biblioteket for låning av bøker på alle trinn.
- Skulpturane på Brøløs.
- Faste turar til ulike stader i bygda for kvart klassetrinn.
- Besøk på Sneie for 7. årstrinn om hausten i kombinasjon med besøk på Åmotsdal skule.
- Gjennomgang av Sommarutstillinga for alle lærarane v/ Kunstforeninga.
- Omvising på Sommarutstillinga for alle årstrinn v/ Kunstforeninga.

Årstrinn	Lokal plan	Merknad
1. årstrinn	Tuft Tussejuv	Nysgjerrige barn. Leiking og aktivitetar
2. årstrinn	Brøløsvandring: Kyrkja Kyrkjeområdet	Bli kjende i Seljord sentrum

	Skutevollen Koparvollen Klokkarstugumoen	
3. årstrinn	Kivlemøyane Tårån i tråppin Ståle Åsheim (loft og bur) Sjøormen	Segn og soge -kjennskap og oppleving
4. årstrinn	Landstadmonumentet Kyrkja Tur med Victoria på Bandakkanalen	Kunnskap om monumentet Kyrkjehuset, segn og fakta Lære om gamal ferdselsåre og slusene
5. årstrinn	Gravhaugar i bygda Guro Heddelid Oslotur	Kunnskap om gamle gravskikkar Oppleve ein dag i hovudstaden med Vikingskip, Vigelandspark, museer m.m.
6. årstrinn	M.B.Landstad Olea Crøger Skienstur Brekkeparken Skien sentrum,kyrkja, Ibsens Venstøp	Kunnskap om Landstad sitt liv og arbeid. Olea Crøger sin innsats som folkevisesamlar. Telemark sin hovudstad, gamle, nyare severdigheter
7. årstrinn	Halvor Sandsdalen, Jørund Telnes Mannslageren Dyrskuplassen	Kunnskap om Seljordforfattarar Kjennskap til lokalhistorie Kunnskap om plassen sin historie og utvikling.

2.5 Tiltak Seljord ungdomsskule:

- Medlem av Rikskonsertane og Kulturskatten. Får ulike kulturopplegg til skulen.
- Samarbeid med Seljord kunstforeining. Elevane får tilbod om omvisning på Sommarutstillinga like etter skulestart.
- Skulen får låne bilete frå Seljord kunstforeining til utstillingar på skulen.
- Samarbeid med biblioteket til dei ulike tema vi har på skulen.
- Nyttar elevar frå kulturskulen i ulike samanhengar.
- Skulen blir innbedne til teaterframsyningar som Kulturskulen har.
- Dansedag på skulen med innleigde instruktørar. Juleball på kvelden.
- Utstilling av elevarbeid.
- Tilbod om ei teaterframsyning i løpet av ungdomsskuletida.
- Utstilling av aktuell litteratur på skulen.
- Vitjing av forfattar/ leseinspirator.
- Vitjing av teikneserieforfattar.

8.årstrinn

- Lokal arkitektur.
- Folkeminne som tema i norsk. Trekkjer fram segner og soger frå Seljord
- Sykkeltur til Seljordsheii om hausten.
- Fottur til Havretjønn og Kroktjønn i samband med eksamen for 10.kl. på våren.
- Omvising i Seljord kyrkje i samband med RLE/ historie. Jon Svartdal eller Bergit L. Telnes kan brukast som omviserar.
- Vitjing av teikneserieforfattar.

9. årstrinn:

- Tur langs Skarsvegen. Informasjon om gamle buplassar m.
- Overnattingstur ute på vinteren i samband med skidagen.
- Kanotur med overnatting i telt på våren.
- Førebu skulegudsteneste saman med ungdomspresten.
- Tverrfagleg prosjekt støtta med 50 000 kr av Nynorsksenteret i Volda: Skrivning i alle fag. Eit fagdidaktisk ”kinderegg”.

10. årstrinn:

- Vitjing av lokal kunstnar i 2 timar for alle elevar på 10. årstrinn.
- Tur over Vasen – på gamal ferdselsveg.
- Arbeid med lokale tradisjonar innan kunst og handverk.
- Utstilling av elevarbeid ved avslutningsfest for 10.kasse.

4. Økonomi.

Seljord kommune mottar kvart år ein del av tippemidlane som blir fordelt til fylkeskommunane for kulturformål. Midlane blir vidarefordelt kommunane etter ein fordelingsnøkkel basert på mellom anna elevtalet i grunnskulen. Dei siste åra har Seljord mottatt i underkant av 40.000 kr til dette formålet. Alle midlane blir brukt til finansiering av tiltak på eller for skulane. I tillegg brukar skulane store delar av eigne driftsbudsjett for å gjennomføre alle tiltaka i den lokale kulturplanen. Det er særskilt skysskostnadene som er ei utfordring for skulane om dei skal halde fram med kulturformidling som i dag.